

**Halvårsrapport**  
**pr. 30.06.2014**

## HALVÅRSRAPPORT PR. 30.06.2014

### Resultat

Banken har pr. 2. kvartal 2014 oppnådd ein rentenetto på 26,9 mill. kr. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) utgjør rentenettoen 1,93 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 24,7 mill. kr og i prosent av gfk 1,82 %. Netto andre driftsinntekter har auka samanlikna med same tidspunkt i fjor. Utbytte frå Verd Boligkreditt AS, auka avkastning på plasseringar i rente- og obligasjonsfond og auka kredittprovisjonar frå Verd Boligkreditt AS forklarar auken samanlikna med fjoråret.

Edb-kostnader har auka samanlikna med same tidspunkt i fjor. Ellers er det små endringar i driftskostnadane. Banken har pr. 2. kvartal 2014 inntektsført ein vinst på 8 mill. kr. på anleggsaksjar. 7,5 mill. kr. av dette er vinst ved sal av banken sine aksjar i Nets Holding AS.

Resultat etter berekna skatt er på 17,4 mill. kr. Dette er ein fordobling i forhold til same periode i fjor. Mykje av forklaringa på resultatauken er vinsten ved sal av Nets Holding AS.

### Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr 2. kvartal 2014 var på 2.835,7 mill.kr. mot kr 2.782,6 mill. kr på same tid i fjor. I % utgjør auken i forvaltningskapital 2,73 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med 2.308,4 mill. kr. Det er ein auke på 4,66 mill. kr i høve til 2. kvartal i 2013. Utanfor balansen har vi pr. 2. kvartal 2014 overført kr 304,1 mill. kr. til Verd Boligkreditt AS.

På same tidspunkt i fjor hadde vi overført kr 239,1 mill. kr til Verd Boligkreditt AS. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed auka med kr 69,5 mill. kr. I prosent utgjør auken 2,7 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 2. kvartal 2014 var fordelt med 24,5 % på næring og 75,5 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskot frå kundar er bokført med 2.082,4 mill. kr. I høve til same tid i fjor har banken ein innskotsauke på 136 mill. kr. Innskotsauke dei 12 siste månadane utgjør 7 %.

Banken har langsiktig lånt inn 185 mill. kr frå andre finansinstitusjonar. Banken har uteståande obligasjonar for 179,9 mill. kr. Låneavtalane har restløpetid på mellom 1 måned og 3 år. Banken si innskotsdekning er 90,2 %. I dette nøkkeltallet er lån overført til bustadkredittselskap halde utanfor. Samla innskot frå kundar og berekna eigenkapital pr. 30.06.2014 utgjør 104,2 % av utlån til kundar.

### Misleghald, tapsavsetningar og tap

Misleghaldne og tapsutsette lån utgjør 35 mill. kr. pr. 30.06.2014 som er ein nedgang på 5,6 mill. kr. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Tapsavsetningar har gått ned med kr 2,4 mill. samanlikna med same tidspunkt i fjor. Tap er kostnadsført med kr 0,98 mill. kr. pr. 2. kvartal 2014.



### Kapitaldekning

Ved utgangen av 2. kvartal 2014 hadde banken ein kapitaldekning på 20,2 % mot 20,1 % på same tidspunkt ifjor. Banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert.

### Utsiktene for resten av året

Styret er fornøgd med resultatet så langt i år. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS er for første halvår 2014 på 3,1 % og styret forventar at ein klarer å nå målsetnaden på 6 % utlånsvekst for året under eitt. Likviditeten er tilfredstillande. Banken har god kapitaldekning. Rentenettoen har gått opp samanlikna med fjoråret. Marknadsutviklinga gjorde at utlånsrentene vart sette ned med verknad frå 14. april for nye lån. For eksisterande lån vart rentene sette ned frå 9. juni. Frå same tidspunkt vart rentene på dei fleste innskotsformene sett ned tilsvarande. Styret ser positivt på utviklinga og er av den oppfatning at alt ligg til rette for eit godt resultat for rekneskapsåret 2014.

Gaupne, 14.08.2014

  
Bjørne Venjum  
styreleiar  
  
Tanja Fiskaa Haugen

Styret for Luster Sparebank  
  
Ove Nyland  
  
Inge Teigen

  
Laila Gjerde  
  
Oddstein Haugen  
banksjef

## LUSTER SPAREBANK

| RESULTATREKNESKAP<br>(1.000 KR)                                     | 30.06.14      | % av GFK    | 30.06.13      | % av GFK    | 31.12.13       | % av GFK    |
|---|---------------|-------------|---------------|-------------|----------------|-------------|
| Rente og kred.prov. utlån   | 51.143        | 3,67        | 50.401        | 3,72        | 103.338        | 3,78        |
| Renteinntekter verdipapir og andre                                  | 3.952         | 0,28        | 3.454         | 0,25        | 7.311          | 0,27        |
| <b>Sum rente og kred./prov. inntekter</b>                           | <b>55.095</b> | <b>3,95</b> | <b>53.855</b> | <b>3,97</b> | <b>110.649</b> | <b>4,04</b> |
| Rentekostnader kundar   | 22.366        | 1,60        | 21.710        | 1,60        | 42.989         | 1,57        |
| Rentekostnader likviditet   | 5.766         | 0,41        | 7.432         | 0,55        | 14.167         | 0,52        |
| <b>Sum rentekostnader</b>   | <b>28.132</b> | <b>2,02</b> | <b>29.142</b> | <b>2,15</b> | <b>57.156</b>  | <b>2,09</b> |
| <b>Netto rente- og kredittprov.</b>                                 | <b>26.963</b> | <b>1,93</b> | <b>24.713</b> | <b>1,82</b> | <b>53.493</b>  | <b>1,96</b> |
| Utbytte og andre inntekter av verdipapir<br>med variabel avkastning | 3.024         | 0,22        | 1.412         | 0,10        | 2.842          | 0,10        |
| Provisjons- og gebyrinntekter                                       | 5.025         | 0,36        | 3.617         | 0,27        | 9.934          | 0,36        |
| Provisjons- og gebyrkostnader                                       | -887          | -0,06       | -913          | -0,07       | -1.911         | -0,07       |
| Netto vinst/tap verdipapir  | -29           | 0,00        | 6             | 0,00        | 905            | 0,03        |
| Netto vinst/tap valuta  | 26            | 0,00        | 87            | 0,01        | 0              | 0,00        |
| Andre driftsinntekter   | 616           | 0,04        | 615           | 0,05        | 1.228          | 0,04        |
| <b>Netto andre driftsinntekter</b>                                  | <b>7.775</b>  | <b>0,56</b> | <b>4.824</b>  | <b>0,36</b> | <b>12.998</b>  | <b>0,48</b> |
| Personalkostnader   | 8.349         | 0,60        | 8.106         | 0,60        | 14.371         | 0,53        |
| EDB kostnader   | 4.500         | 0,32        | 3.914         | 0,29        | 8.006          | 0,29        |
| Andre administrasjonskostnader                                      | 2.220         | 0,16        | 2.407         | 0,18        | 4.470          | 0,16        |
| Ordinære avskrivningar  | 1.000         | 0,07        | 950           | 0,07        | 1.988          | 0,07        |
| Andre driftskostnader   | 1.631         | 0,12        | 1.715         | 0,13        | 3.510          | 0,13        |
| <b>Sum driftskostnader</b>  | <b>17.700</b> | <b>1,27</b> | <b>17.092</b> | <b>1,26</b> | <b>32.345</b>  | <b>1,18</b> |
| <b>Driftsresultat før tap</b>                                       | <b>17.038</b> | <b>1,22</b> | <b>12.445</b> | <b>0,92</b> | <b>34.146</b>  | <b>1,25</b> |
| Realiserte og vurderte tap  | 983           | 0,07        | 644           | 0,05        | 2.782          | 0,10        |
| Netto tap/vinst anleggsaksjar                                       | -8.000        | -0,57       | 0             | 0,00        | -505           | -0,02       |
| Skatt ordinær drift   | 6.495         | 0,47        | 3.304         | 0,24        | 9.398          | 0,34        |
| <b>Resultat for perioden</b>  | <b>17.560</b> | <b>1,26</b> | <b>8.497</b>  | <b>0,63</b> | <b>22.471</b>  | <b>0,82</b> |

**BALANSE  
(1.000 KR)**

| <b>EIGENDELAR</b>                           | <b>30.06.14</b>  | <b>30.06.13</b>  | <b>31.12.13</b>  |
|---|------------------|------------------|------------------|
| Kontantar, innskot i banker                 | 177.054          | 154.196          | 164.638          |
| Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar | 58.524           | 50.359           | 63.848           |
| Utlån til kundar                            | 2.308.372        | 2.303.785        | 2.267.152        |
| Tapsavsetjingar                             | -19.326          | -21.746          | -19.081          |
| Obligasjonar og obligasjonsfond             | 207.497          | 210.195          | 224.708          |
| Aksjar og aksjefond                         | 58.559           | 55.695           | 60.746           |
| Utsett skattefordel                         | 3.276            | 3.560            | 3.276            |
| Driftsmidlar                                | 11.615           | 11.846           | 12.326           |
| Andre fordringar                            | 23.833           | 489              | 109              |
| Forskotsbet. og opptente inntekter          | 6.499            | 14.261           | 7.567            |
| <b>SUM EIGENDELAR</b>                       | <b>2.835.903</b> | <b>2.782.640</b> | <b>2.785.289</b> |

**GJELD OG EIGENKAPITAL**

|                                  |                  |                  |                  |
|----------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Gjeld til kredittinstitusjonar   | 185.000          | 275.000          | 220.000          |
| Innskot frå kundar               | 2.082.433        | 1.946.019        | 2.006.853        |
| Obligasjonslån                   | 179.974          | 209.826          | 209.939          |
| Anna gjeld                       | 39.194           | 30.426           | 11.017           |
| Skatt                            | 3.375            | 4.959            | 9.113            |
| Pensjonsforpliktingar            | 5.673            | 5.691            | 5.673            |
| Sparebankens fond og gåvefond    | 322.694          | 302.222          | 322.694          |
| Resultat for perioden            | 17.560           | 8.497            |                  |
| <b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b> | <b>2.835.903</b> | <b>2.782.640</b> | <b>2.785.289</b> |

|  |                |                |                |
|--|----------------|----------------|----------------|
| <b>Garantiansvar</b>                         | <b>27.695</b>  | <b>31.720</b>  | <b>28.815</b>  |
| <b>Pantsetjingar</b>                         | <b>31.000</b>  | <b>31.000</b>  | <b>30.891</b>  |
| <b>Lån overført til Verd Boligkreditt AS</b> | <b>304.092</b> | <b>239.144</b> | <b>267.800</b> |

**Note 1**

| (tal i heile 1.000)                                    | 30.06.14   | 30.06.13   | 31.12.13     |
|--|------------|------------|--------------|
| Endring individuelle tapsnedskr. inkl amortisering     | 80         | -6.265     | -6.873       |
| Endring i nedskrivning på grupper av lån               | -300       | 300        | -1.450       |
| Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning  | 1.271      | 6.656      | 11.190       |
| Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning | 52         | 0          | 0            |
| Inngang på tidligare konstaterte tap                   | -120       | -47        | -85          |
| <b>Netto tap på utlån og garantiar i perioden</b>      | <b>983</b> | <b>644</b> | <b>2.782</b> |

**Note 2**

| (tal i heile 1.000)  | 30.06.14      | 30.06.13      | 31.12.13      |
|--|---------------|---------------|---------------|
| <b>Engasjement der inntektsføring av renter er stoppa</b>        | <b>35.545</b> | <b>25.852</b> | <b>33.293</b> |
| Misleghaldne engasjement > 90 dager                              | 34.871        | 40.628        | 36.999        |
| - individuelle tapsnedskrivningar på desse                       | -9.529        | -10.203       | -8.756        |
| - avsetnad amortisering på desse                                 | -845          | -458          | -1.009        |
| - attendeførte kapitaliserte renter på desse                     | -2.579        | -2.072        | -1.972        |
| <b>Netto misleghaldne lån etter nedskrivning og amortisering</b> | <b>21.918</b> | <b>27.895</b> | <b>25.262</b> |
| Tapsutsette engasjement med individuelle nedskrivninger          | 92            | 266           | 271           |
| - spesifiserte tapsavsetjingar på desse                          | -2            | -185          | -167          |
| - amortisering av tapsmerka                                      | 0             | 0             | 0             |
| - attendeførte kapitaliserte renter på desse                     | -65           | -71           | -76           |
| <b>Netto ikkje misleghaldne eng. m/spes tapsavsetjing</b>        | <b>25</b>     | <b>10</b>     | <b>28</b>     |

**Note 3**

| (tal i heile 1.000)            | 30.06.14     | 30.06.13      | 31.12.13     |
|--------------------------------|--------------|---------------|--------------|
| <b>Nedskrivning på grupper</b> | <b>8.950</b> | <b>10.900</b> | <b>9.150</b> |

**Note 4**

| <b>Kapitaldekning</b><br>(tal i heile 1.000) | 30.06.14       | 30.06.13       | 31.12.13       |
|--|----------------|----------------|----------------|
| Netto ansvarleg kapital                      | 313.000        | 293.000        | 313.000        |
| Berekningsgrunnlag                           | 1.547.000      | 1.458.000      | 1.469.000      |
| <b>Kapitaldekning i %</b>                    | <b>20,23 %</b> | <b>20,09 %</b> | <b>21,32 %</b> |